

# KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr.2 2022/2023 Årgang 49

VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE, ALLE SKAL  
UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST

## KALENDER FOR FØRJULSTIDA

**VELKOMEN TIL  
JULE-KINO**  
TORS DAG 22.12.



Film: Polarekspresen  
Stad: Muna  
Tid: Kl. 08.35



Film: Snekker Andersen og julenissen  
Stad: Muna  
Tid: Kl. 11.30



**Fredag 25.11 kl. 09.00** Me tenner julegrana på skulen.

**Torsdag 08.12** Juleverkstad og grautfest for alle elevane.  
Elevar som ikkje likar graut må ha med seg niste.

**Tysdag 20.12** Juletreffest på bygdahuset kl. 17.30 – 19.45. Alle velkommen.

**Torsdag 22.12** Siste skuledag før jul. Kinodag heile dagen. Alle det er mogleg for har med litt julekaker som me set på fellesbord og kosar oss med i lag. Skulen sluttar til vanleg tid. SFO sluttar kl. 16.30.

## JULETREFEST

Det blir juletreffest på Bygdahuset **tysdag 20.12**

**kl.17.30-19.45.** Inni kontakten står det info om oppgåvefordeling.

Heile storfamilien er velkomne. Det ligg påmeldingslapp inni Kontakten. Denne må dokker fylle ut og levere tilbake til skulen seinast måndag 12.12.



## OPPGÅVEFORDELING PÅ JULETREFEST

FAU har lova at foreldra kan vera med på det praktiske arbeidet med festen. Tusen takk til alle!

Skulen kjøper inn og gjer klart alt ein treng av utstyr og mat.

### Oppgåvefordeling:

Tillaging av salen, dekke bord og sette opp juletre måndag 19.12 kl.19.00: 1., 2. og 3. klasse sine føresette.

Koke kaffi og ta imot inngangspengar 20/12 kl.16.45 Klassekontaktane i 5.-6. klasse (dei skaffar event. andre om det ikkje passar)

Rydde bordene, rydde og koste salen, vaske opp og rydde kjøkken etter festen: 4.-7.klasse sine føresette. Me ønskjer at fleire vaksne er med på å gå rundt juletre og at ein ventar med rydding til etter juletregangen.

Dei som har barn både i 1.-3. klasse og 4.-7. klasse, er med på å lage til.

### Inngangspengar:

Me tar 50 kr. pr. pers. i inngangspengar . Elevane går gratis. Dette skal gå til å dekkje utgifter til festen. Ein kan betale med vipps eller pengar.

For at det skal vere ro i salen skal småsøsken sitje saman med foreldre/ besteforeldre på stolar ved borda. Elevane sit på stolar og benker framme ved scenen.



## SKULERUTE

Skulerutene for 2022-2023 og 2023-2024 ligg på kommunen si heimeside under grunnskule <https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/grunnskule>

Under Vindafjordskulen finn ein Vik skule si heimeside. Her ligg «Kontakten», referat frå SU og litt anna.

# RÅDSORGAN 2022-2023

## Elevrådet

Namn	Klasse	Funksjon / representant i
Jonas Aksdal Maurangsnes	4.kl.	
Sivert Øvstedal	5.kl.	
Reiar Winterhus Julsrud	6.kl.	Leiar og medlem i SU og i Barnas kommunestyre.
Natalie Dommersnes Vågen	7.kl.	Skrivar, medlem i SU og i Barnas kommunestyre.

## FAU - Foreldrerådet sitt arbeidsutval

Namn	Klasse	Funksjon / representant i
Beate Bjørnevik	1.kl	Skrivar
Håvard Tveit	2.kl.	Medlem i SU.
Martyna Storonowicz	3.kl.	
Lina Fisk Eide	4.kl.	Medlem i kommunalt kontaktutval
Cathrine H. Tindeland	5.kl.	Leiar
Roger Stene Bauge	6.kl.	Medlem i kommunalt kontaktutval. og skulemiljøutval
Knut Øvstedal	7.kl.	Medlem i SU

## SU- Samarbeidsutvalet

Namn	For	Funksjon
Knut Øvstedal	FAU skulen	
Håvard Tveit	FAU skulen	Leiar
Mona Hegerland	Foreldreråd barnehagen	Nestleiar
Mona Aksdal	Foreldreråd barnehagen	
Ingrid L. Sandvik	Lærarane	
Berit R. Skartland	Andre tilsette skulen	
Håvard Lothe	Tilsette barnehagen	
Anne Wenche Vik	Tilsette barnehagen	
Reiar Winterhus Julsrud	Elevrådet	
Natalie Dommersnes Vågen	Elevrådet	
Tormod Sandsgård	Kommunen	
Anne Marte W. Tveit	Kommunen	Skrivar

## Telefonnummer og e-post

[anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no](mailto:anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no)

[berit.r.skartland@vindafjord.kommune.no](mailto:berit.r.skartland@vindafjord.kommune.no)

<b>Anne Marte (rektor)</b>	53 65 57 30 / 92241257	<b>Arbeidsrom</b>	53 65 57 33
<b>SFO</b>	53 65 57 35 / 90515628	<b>Berit (merkantil)</b>	53 65 57 32

# Kalender for Vik skule våren 2023

<b>02.01</b>	Skulestart etter juleferien.
<b>23.01</b>	<b>Elevfri. Planleggingsdag for tilsette. Oppvekstkoneranse på Skjold Arena.</b>
<b>24.01-27.01</b>	<b>Foreldrekonferansar/ Utviklingssamtalar for alle elevar</b> Halvårsvurderingane for elevane blir lagt ut på Visma 22.01. Ein loggar seg inn på <a href="https://skole.visma.com/vindafjord">https://skole.visma.com/vindafjord</a> og les desse før utviklingssamtalane. Kontakt skulen om du treng hjelp til å logge inn el.l.
<b>31.01</b>	Dansehalvdag for alle elevane i 4.-6. time.
<b>23.02</b>	Fellessamling i MUNA kl. 09.00. Ansvar 5.-6. klasse.
<b>27.02-03.03</b>	<b>Vinterferie</b>
<b>03.04- 10.04</b>	<b>Påskeferie</b>
<b>11.04</b>	Skulen byrjar etter påskeferien. Oppstart av felles tema: «Vindafjord kommune».
<b>13.04</b>	Busstur i Vindafjord kommune for heile skulen.
<b>01.05</b>	<b>Off. høgtidsdag</b>
<b>04.05</b>	Kulturettermiddag på bygdahuset.
<b>08.05</b>	Fjelltur i perioden 08.05 -31.05. 1.-4. klasse: Bjordal – Bårefjell (for dei som vil) - Grautavatnet – Bjordal. Me går frå og til velteplassen nedanfor Bjordal. 5.-7. klasse: Skulen – Trodlafjell – Longavatn - Skulen
<b>16.05</b>	Innskriving av nye elevar. Innskrivingsfest. Øving til 17. mai.
<b>17.05</b>	<b>Nasjonaldagen</b>
<b>18.05</b>	<b>Kristi Himmelfartsdag</b>
<b>19.05</b>	<b>Elevfri</b>
26.05	Pinsegudsteneste
<b>29.05</b>	<b>2. Pinsedag</b>
<b>02.06</b>	Fellessamling i MUNA kl.10.00 Ansvar 1. – 2. klasse.
<b>18.06</b>	Halvårsvurderingar for elevane blir lagt ut i Visma.
<b>21.06</b>	Friidrettsdag. <b>Skulen slutter kl. 10.45.</b> SFO er ope som vanleg. Planleggingsdag for lærarane kl. 11.00- 18.30
<b>22/06</b>	Alle ryddar klasserom
<b>23/06</b>	Siste skuledag. Natursti, grilling og fellessamling med «Takk for oss» frå 7. klasse.

**God jul og  
godt nyttår  
til alle!**

